



2016 -  
2020

# PLANSTRATEGI



Godkjent av Skjåk kommunestyre  
27.10.2016

## **1 Formålet med kommunal planstrategi – prioritering av kommunens planbehov i valperioden.**

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Formålet er å klargjera kva for planoppgaver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for ein ønska utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som var nedfelt i tidlegare plan- og bygningslov (PBL 1985).

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgaver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte kommunens behov. Eit viktig siktemål er å styrke den politiske styringen av kva planoppgaver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ein bedre og meir systematisk vurdering av kommunens planbehov slik at kommunen bedre kan møte dei aktuelle utfordringane.

Forenkla kan ein kalle planstrategien for ein ”Plan for planlegginga”.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Planstrategien er også eit eigna verktøy for å vurdere kommunens plansystem, planressurser og samla planbehov i kommunestyreperioden knytta til kommunedelplaner, tema- og sektor(fag)planer.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er derfor ikkje ein areana for å vedta mål og strategier, men å drøfte utviklingstrekk som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i perioden.

## **2 Kommunens plansystem**

### **2.1 Kommuneplan**

Alle kommuner skal ha ein kommuneplan. Ein samla kommuneplan består av ein samfunnsdel og ein arealdel.

Kommunen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggje retningsliner og pålegg frå statlege og regionale myndigheiter til grunn.

#### **2.1.1 Samfunnsdel**

Kommuneplanens samfunnsdel skal behandle langsiktige utfordringar, mål og strategier for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den bør innehalde ei omtale og vurdering av alternative strategiar for utvikling i kommunen, kommunens verksemd og langsiktig arealbehov, og ta stilling kva for strategi kommunen vil leggje til

grunn. Formålet med det siste er å omtale samanhengen mellom dei langsiktige måla og strategiane som blir trekt opp i samfunnsdelen, og dei fysiske konsekvensane. Kommuneplanens samfunnsdel skal samordne planane til tenesteområda. Den skal gje retningsliner for gjennomføring av mål og strategiar, både i den kommunale verksemda og ved medvirking frå andre offentlege organ og frå private.

**Kommuneplanens samfunnsdel for Skjåk 2011-20** vart vedteken av kommunestyret i oktober 2011.

Grunnlaget for val av mål og strategiar i kommuneplanen er ”Strategisk utviklingsanalyse for Skjåk kommune”.

Fokusområda vart delt inn i :

- Vern og Bruk
- Befolkning og Bulyst
- Folkehelse og forebygging
- Kommunikasjon og Samferdsel

Den kommunale planstrategien bør ta utgangspunkt i måla som er sett i desse fokusområda.

### 2.1.2 Arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som del av kommuneplan (kommuneplanens arealdel). Ein samla arealplan er nødvendig for å sikre ein planmessig og forsvarleg arealutnytting, og for å beskytte areala mot uønska arealinngrep. Ein arealdel omfattar arealkart, bestemmelsar, retningsliner og ei planomtale med konsekvensutgreiingar. I tillegg til å ha ein arealplan for heile kommunen, kan kommunen utarbeide kommunedelplaner for delområder, t.d. tettstader. Slike delplaner kan også utarbeidast i form av reguleringsplan (områderegulering).

Arealplanen skal ta for seg hovodtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, og kva for viktige omsyn som skal takast vare på ved disponeringen av areala (omsynssoner). Samstundes skal arealdelen vera utforma i eit langsiktig perspektiv. Den må derfor vera tilstrekkeleg fleksibel slik at det er mogleg å innpasse nye behov og moglegheiter. Det inneber at kommuneplanens arealdel bør haldast på eit relativt overordna nivå og ikkje ta for seg detaljer, dette gjeld spesielt innanfor arealformåla bygg og anlegg.

Planen skal på denne måten oppgje viktige omsyn og forhold som blir lagt til grunn for utforming av planen, og som skal følgjast opp i vidare detaljplanlegging (reguleringsplan), enkeltsaksbehandling etter planen og gjennom seinare bruk, skjøtsel og forvaltning av areala.

**Kommuneplanens arealdel for Skjåk 2011- 20** vart vedteke av kommunestyret i oktober 2011. Planen skal vera eit styringsverktøy som tilrettelegg for ein fleksibel og aktiv bruk i områder der den er vedteken, og som forenkler saksbehandlinga i desse områda. Samstundes skal planen gje grunnlag for ein langsiktig, forsiktig forvaltning og vern av andre verdifulle områder.

### 2.1.3 Reguleringsplaner

Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med bestemmelsar for bruk, vern og utforming av areal, bygningar og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan skal vedtakast av kommunestyret, men kan utarbeidast av både offentlege og private aktører.

I kommuneplan for Skjåk er det sett strenge føringar for krav til reguleringsplan før tiltak kan iverksettast.

### 3 Erfaringar med gjeldande kommuneplan

#### 3.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedteken av kommunestyret 13.10.2011.

Formannskapet har vedteke at planen skal reviderast- Planprogram er godkjent av kommunestyret og planen skal vera ferdig til godkjenning i april 2017.

Hovederfaringane med denne er at nokre av målsettingane bør justerast til eit meir realistisk nivå, bl.a. folketalsutviklinga.

Samfunnsdelen er omfattande og bør forenklast.

#### 3.2 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel vart vedteken av kommunestyret 13.10.2011.

Formannskapet har vedteke at også denne skal reviderast. Planprogram er godkjent av kommunestyret og planen skal vera ferdig til godkjenning i april 2017.

I arealdelen er det tegna inn omsynssoner som refererer seg til "aktsomhetskart for ras og steinsprang" som NVE har utarbeidd. NVE har også under arbeid tilsvarende kart for flom. Dette er ei stor utfordring for kommunen fordi det blir sett strenge krav til faglege vurderingar i desse områda. Desse karta er grovmaska og det er eit stort behov for å få utarbeidd bedre kartmateriale basert på meire detaljerte faglege vurderingar.

Det ser ikkje ut til å vera behov for nye tomteareal for bustader i planperioden.

Når det gjeld næringsareal bør ein vurdere arealet som i dagens plan er plassert i Lundagrenda og heller sjå om en kan finne meir sentrale areal med stuttare avstand til bustadområda og der det er bygd ut teknisk infrastruktur frå før.

Når det gjeld hytteareal er det naturleg å vurdere evt. nye utbyggingsareal når regional plan for Ottadalsområdet nå er vedteken.

Strukturendringar i landbruket vil få innverknad på kulturlandskapet. Det kan vera behov for å lage retningslinjer for korleis ein skal bevare gardstun og setrer som eit element i kulturlandskapet.

Det kan vera behov for å justere føresegnene og retningslinene i arealdelen slik at dei blir i tråd med etablert praksis. I verneområda bør ein leggje opp til å få føresegnene mest mogleg likt regelverket der.

### 4 Overordna føringar som har innverknad på kommunens planbehov

#### 4.1 Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Dei nasjonale forventningane vart fastsett ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015 og peikar på oppgaver og interesser som regjeringen meiner er viktig at kommunen fokuserer på i

planlegginga i den komande perioden for å medverke til gjennomføring av gjeldande nasjonal politikk. Forventningane vil kunne gje føringar for arbeidet med å avklare planbehov i kommunal planstrategi og vil vera retningsgjevande, men ikkje bestemmande, når kommunale planer skal utarbeidast.

Dei nasjonale forventningane er delt opp i 3 kapittel med mange konkrete forventningar til kommunane og kan lastast ned frå denne internettadressa:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale\\_forventningar\\_nn.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2f826bdf1ef342d5a917699e8432ca11/nasjonale_forventningar_nn.pdf)

Stutt kan forventningane oppsummerast slik:

**Gode og effektive planprosesser** – der regjeringen vektlegg raskare prosesser for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Det blir forventa at kommunane tek i bruk moglegheitane innan IKT.

### **Bærekraftig areal- og samfunnsutvikling**

Kommunane må legge større vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering i planlegginga. Det må takast høgde for klimaendringane i risiko- og sårbarheitsanalyser.

Viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø må ivaretakast i planane.

Kommunen må samarbeide med næringslivet for verdiskaping, bærekraftig næringsutvikling og innovasjon og det på settast av nødvendig næringsareal.

Viktige jordbruksområder må sikrast og det må leggjast til rette for nye grønne næringer tilknytta primærnæringsane.

### **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområder.**

Kommunen må i planlegginga trekke opp langsiktige grenser mellom tettstad og landbruksareal.

Det må leggjast til rette for tilstrekkeleg og variert bustadbygging. Sentrumsområda bør ha høg utnyttingsgrad og det må leggjast til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet.

Kommunen må ha ein aktiv og heilheitleg sentrumspolitik og sikre trygge og helsefremmande bu- og oppvekstmiljø.

Kommunen må ta vare på naturverdiane og legge til rette for fysisk aktivitet og trivsel for befolkninga. Universell utforming må vera gjennomgåande i planlegginga.

Kommunen må legge opp til effektive prosesser og rask behandling av planer for større samferdselstiltak.

### Andre overordna føringar.

Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Nasjonal transportplan 2014-2023 inkl. «nasjonal sykkelstrategi» og Nasjonal gåstrategi»

Fylkesmannen i Oppland har utarbeidd »Kommunebilde 2015 – Skjåk«

<https://www.fylkesmannen.no/oppland/kommunal-styring/2015-kommunebilder/skjak/>

Kommunebildet viser korleis kommunane leverer dei lovpålagte tenestene, sett frå fylkesmannen sin ståstad. Kommunebildet kan vera ei hjelp for kommunane i å prioritere nødvendig planlegging.

## 4.2 Regionale føringar og planer (regional planstrategi)

Oppland fylkeskommune har vedteke Regional planstrategi 2012-2016, Mulighetenes Oppland.

Fylkeskommunen er nå i gang med ny regional planstrategi.

Kunnskapsgrunnlaget for regional planstrategi kan også nyttast i kommunal planstrategi og er å finne i Fylkesstatistikken:

<http://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=2314&FilId=3498>

og i utfordringsdokumentet:

<http://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=2314&FilId=3497>

Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland 2016

## 4.3 Interkommunalt plansamarbeid

I den nye plan- og bygningsloven er det opna for at regionale planbehov også kan løysast gjennom interkommunalt plansamarbeid. Evt. behov for eit slikt interkommunalt plansamarbeid kan avklarast gjennom planstrategiane i kommunane. I Nord-Gudbrandsdal har kommunane den siste tida utarbeid mange felles planer, serleg på beredskapsområdet. Kommunen føreset at regionrådet for N-Gudbrandsdal utarbeider eigen planstrategi.

## 5 Utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar for Skjåk kommune.

(Henta frå vedteke Planprogram for kommuneplan)

### 5.1 Perspektiv for planarbeidet

Seks perspektiv for planarbeidet:

- Kva behov har dei som er busett i kommunen og kva behov har dei som ynskjer å flytte til her?
- Korleis drive nyskaping og entreprenørskap for å skape det gode samfunnet i Skjåk?
- Kva infrastruktur skal til for at vi kan skape vekst og utvikling?
- Korleis vil Skjåk verta påverka av det som skjer rundt oss, både på regionalt nivå, nasjonalt nivå og internasjonalt nivå?
- Korleis handterer vi kommunereformen til beste for innbyggjarane?
- Folkehelse
- Miljø, energi og klima

Desse perspektiva skal trekkjast inn i alle tema og planar.

### 5.2 Oppvekst- og levekårsforhold

#### Utdanning

I 2012 hadde 14 % av innbyggjarane i alderen 30 til 39 år grunnskule som høgaste utdanning. Fråfall frå vidaregåande har hatt ein gradvis auke frå 2007 til 2012. Fråfallet i årleg gjennomsnitt i perioden 2010-2012 var 24,6 %.

#### Arbeidsledigheit og trygd

17 personer var arbeidsledige pr. desember 2013.

81 personer hadde nedsatt arbeidsevne i 2013 – ein nedgang frå 2012.

149 personer mellom 18 og 66 år var i årleg gjennomsnitt i perioden 2010-2012 uføretrygda i kommunen. Det har vore nokre svingningar, men ein nedgang etter 2002.

58 personer mellom 18 og 66 år var mottakare av sosialhjelp i årleg gjennomsnitt i perioden 2010-2012.

## Barnevern

Mellom 18 og 33 barn kvart år hadde undersøking eller tiltak i barnevernet frå 2001 til 2013. Det har vore svingningar, men ingen gradvis auke eller nedgang.

## Inntekt

Det var ca. 10 % av befolkningen som tilhørte lavinntekthusholdninger i Skjåk i 2011. Det har vore ein gradvis nedgang etter 2005.




Diagram 1 viser at nær 80 prosent av de som svarte på levekårsundersøkelsen i 2014, hadde økonomi til å klare utgifter til alle fem forhold nevnt i diagrammet (løpende utgifter, en ukers ferie, PC eller internett tilgang, eie en bil eller undersøkelse /behandling hos tannlege).




Diagram 2 viser at 90 prosent av de som svarte på levekårsundersøkelsen i 2014, hadde økonomi til at barn/unge kunne ha eget rom, ta med venner hjem, delta i eller selv ha bursdagsfeiring og delta på fritidsaktiviteter og ha utstyr til å delta på fritidsaktiviteter.

## Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

### Skulemiljø

I perioden 2008-2012 var årleg gjennomsnitt for oppleving av mobbing på 10. trinn 12 % - noko som skuldast høge tal i skuleåret 2007/2008. Tal frå skuleporten.no viser låge tal etter 2009-2010.

Tall på 7. trinn er anonymisert pga. små forhold. Nær 90 % av elevane på 7. trinn og 77 % på 10. trinn trivst godt eller svært godt på skulen i årlege gjennomsnitt i perioden 2008-2012.

### Sosiale miljø og nettverk

I Skjåk rapporterte 9 % av dei som svarta på levekårsundersøkinga i 2014 at dei ofte opplevde einsemd, sakna å ha nokon som dei kunne snakke fortruleg med og/eller ikkje hadde venner som kunne gje hjelp når dei trengte det.

## **Drikkevannskvalitet**

I 2012 var det tilfredsstillande analyseresultater (E. coli/koliforme bakterier) for 100 % av personane som var tilknytte vassverk som forsyner minst 50 fastbuande personer og/eller 20 husstander.

## **Skader og ulykker**

### **Sjukehusinnleggingar**

37 innbyggjare vart årlig gjennomsnitt innlagt på sjukehus etter ulykker i perioden 2010-2012.

8 av innleggingane skuldast hoftebrot.

### **Trafikkulykker**

Det har vore 7 dødsulykker og 154 som har vorte skada på vegane i Skjåk etter 2004.

## **Helserelatert atferd**

### **Røyking**

18 % av gravide kvinner oppga at dei røykte på første svangerskapskontroll i 2012 (10 års glidande gj.snitt). Andelen har gradvis gått ned etter 2008.

### **Samspill og grensesetting i familier**

Helsesøstre og jordmødre i regionen har gjeve tilbakemelding (2014) på at det er utfordringar knytte til samspelssproblematikk og grensesetting i familier. Bruk av data/pc/tv vart nemnt som eit område der grensesetting var utfordrande for foreldre.

## **Helsetilstand**

Ca. 75 % av dei som svara på levekårsundersøkinga i 2014 oppga at dei hadde god eller svært god helse. 76 % oppga at dei hadde god eller svært god tannhelse.

Bruken av medikament mot sukkersjuka og hjarte-/karsykdomar har gradvis auka blant innbyggjarane. Dødelegheita pga hjarte-/karsykdomar er redusert etter 1995.

Bruken av medikament mot kronisk obstruktive lungesykdomar og astma har vore relativt stabil frå 2007 til 2012, men Skjåk har høge tal samanlikna med de andre kommunane i Nord-Gudbrandsdal.

Det ser ut til at det har vore ein gradvis auke i nye tilfeller kreft (men obs små tall). Det var 15 nye tilfeller i årleg gjennomsnitt i perioden 2002-2011. Kreftdødelegheita frå 2001 til 2012 ser ikkje ut til å ha auka.

Nærmare 650 personer i årleg gjennomsnitt var hjå fastlegen eller legevakt pga muskel-/skjelettplager i perioden 2010-2012.

Bruken av smertestillande medikament på resept frå 2007 til 2012 har vore relativt stabil, ev. med ein svak auke.

Bruken av antipsykotika har vore stabil, det har vore ein svak auke i bruk av antidepressiva, sovemidler og beroligande midler frå 2007 til 2012. Totalt 252 personer brukte i årleg gjennomsnitt medikament mot psykiske lidningar i perioden 2010-2012.

Det er totalt sett få meldingar om smittsame sjukdomar til Folkehelseinstituttet. Unntaket er genitale chlamydiainfeksjoner, høgaste antal i eit enkelt år i Skjåk i perioden 2002-2012 var 8.



## Utfordringsbildet for Skjåk

På folkehelseverkstedet 16. mars 2015 – med bakgrunn i data fra folkehelseoversikten og egne erfaringer – vurderte deltakarane følgjande til å vera hovedutfordringer i Skjåk kommune:

### Arbeidsplasser

Det er behov for fleire – og attraktive - arbeidsplasser dersom Skjåk skal ha vekst og utvikling. Skjåk kommune bør finne sin «nisje» med moglegheiterr for gode fagmiljø. Det er vanskeleg å «rekruttere» nye innbyggere bl.a. fordi det er vanskeleg å finne relevant arbeid. Nedgangen i landbruket har uheldige konsekvenser for bygda. Det er mangel på heiltidsstillinger. Fleire (heltids)arbeidsplasser i bygda blir vurdert til å være viktig for å hindre nedgang i folketal, men også for å utjevne sosiale forskjeller gjennom å redusere andel lavinntekthusholdninger.

### Psykososialt miljø

Sosial inkludering er ein føresetnad for god folkehelse. Manglande inkludering av nye innbyggere og enkelte utsette grupper f.eks. personer med psykiske lidingar er ei utfordring. Sjøl om tala for oppleving av mobbing på skulen var låge i den siste undersøkinga frå skoleporten, blir arbeid i forhold til det psykososiale miljøet på skolen vurdert til å vera eit viktig satsingsområde. Tiltak som bidreg til inkludering, integrering, respekt for forskjeller og eit godt psykososialt miljø generelt i bygda er viktig å prioritere i folkehelsearbeidet.

### Sosiale møteplasser

Skjåk har mange organiserte aktivitetstilbud med stor variasjon, men få uformelle møteplasser – ikkje minst på kveldstid. Det er behov for tilgjengelige møteplasser for innbyggere i alle aldre. Gode sosiale møteplasser for uorganisert aktivitet kan motverke einsemd og isolasjon og vera eit bidrag for å lette integrering av innflyttere.

### Fysisk aktivitet

Lite fysisk aktivitet for grupper av befolkningen kan på sikt føre til livsstilssjukdomar. Auka bruk av digitale verktøy og utfordringer med grensesetting i forhold til tidsbruk for barn og unge, kan være ein faktor som fører til mindre fysisk aktivitet. Tiltak for å auke fysisk aktivitet blant innbyggjarane kan fort føre til at dei som mosjonerer, mosjonerer enda meir. Det er ei utfordring å nå alle i det forebyggande arbeidet. Skjåk kommune har gode turområder og mange oppmerka stiger og løyper, men mangler lavterskeltilbod som kan bidra til auka kvardagsaktivitet - som «postkasser», dagsturhytter, møteplasser ute, gateljos, gangbru over Ottaelva (mellom Bismo og Lundagrenda/sentrum) og gang- og sykkelveier.


## 5.3 Folketalsutvikling

Pr. 1. januar 2014 hadde Skjåk 2 264 innbyggjarar. Fram til 2016 er dette gått ned til om lag 2200. Folketalet har gått ned med over 400 personar dei siste 30 åra. Dersom utviklinga når

det gjeld fødsjar, dødelegheit, til- og fråflytting ikkje endrar seg, må ein forvente at det også framover blir nedgang. Det blir færre innbyggjarar under 67 år og auke i talet på eldre. Når det gjeld til- og fråflytting dei siste åra, ser det ut til å vera tilfeldige variasjonar. Nettoinnflytting har veksla mellom å vera positiv og negativ.

Skjåk er ein kommune som på grunn av hytte- og campingliv i periodar har langt større befolkning enn dei faste innbyggjarane.

Andelen innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre har gradvis auka frå 55 personar i 2005 til 137 personar i 2013. I 2013 stod desse for 6 % av innbyggartalet.



Figur 3: Folketalsutvikling i Skjåk

#### 5.4 Næring og arbeidsplassar

Arbeidsplassar er ein svært viktig faktor for å folk til å bli verande i Skjåk og også for å få tilflytting. Derfor har dei fleste utkantkommunane stor fokus på dette området. Skjåk har relativt mange tilsette i offentleg forvaltning og primærnæring og desse arbeidsplassane er under sterkt press slik situasjonen er nå. Derfor er Skjåk i ei heldig stilling som har så stort innslag av industri som til dels er i vekst etter å ha investert mykje dei siste åra. Privat tenesteyting har hatt auke dei siste åra og etablering av Signegarden med Vega Partner som hovedmotor har vore verdfullt for Skjåk. I etterkant har bygget blitt påbygd og nye leigetakarar har kome inn slik at det har vorte eit allsidig kontormiljø der. Reiseliv og lokalprodusert mat har framgang og mykje taler for at det må også bli eit satsningsområde framover.

Forsking er klar på at det er viktig å satse på utvikling av næringsliv vi alt har innslag av og spesielt utvikle bedrifter som er aktive. Som det går fram av ovanstående er det mange positive faktorar å ta fatt i når det gjeld utvikling av næringslivet i Skjåk. Skape nye næringar og bedrifter ut frå slik satsing er mykje meir ressurskrevjande og i alle fall bør ein da lokalt ha det ein kaller komperative fordelar med slik satsing.

Kommunen må ha ein oppdatert næringsplan og vedtektene for næringsfondet må til ei kvar tid vere tilpassa formålet som skal tenast. Samarbeid med Innovasjon Norge, lokale aktørar i næringsarbeidet er viktig å inkludere i planarbeidet.

Det er viktig at det til kvar tid er tilgjengeleg industriareal. Nedanfor viser ei oversikt over slikt areal som er regulert eller ligg inne i gjeldande kommuneplan.

## LEDIG NÆRINGSAREAL I SKJÅK – STATUS 2015

Område	Disponering	Areal	Merknad
Bismo, Nedover frå Signegarden	Skjåk kommune Litt av området er bortfesta men ikkje teke i bruk	37 daa	Øyremarka til intensiv bruk, ikkje lager
Bismo vest for Stryvo	Privat	5 daa	
Bismo aust for snekkeriet	Skjåk kommune	7 daa	
Felodden	Skjåk almenning	20 daa	Reguleringsplan under arbeid
Aurmo industriområde	Skjåk kommune	12 daa	
Aurmo mot elva	Skjåk kommune	20 daa	I kommuneplan
Lundagrende	Privat	174 daa	I kommuneplan
		275 daa	

Utbyggingsbehov bør konkretiserast i det vidare planarbeidet og det må takast omsyn til statleg planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

### 5.5 Bustad og fritidshus

Kommunestyret vedtok ny bustadplan for Skjåk i september 2014.

Bustadbygging og tilbod på bustad er ein viktig faktor for å legge tilrette for befolkningsvekst. Kommunen ilag med private må difor leggja opp til ein variert bustadmarknad, om det skal vera mogleg å imøtekomma framtidig behov.

Førstegongsetablerarar må få tilgang på rimelege bustader, og eldre og andre som ynskjer det, må ha tilgang på lettstelte og sentrumsnære bustadar.

Bustadtomter.

Område	Byggeklare regulerte tomter	Regulerte tomter, ikkje byggjeklare	Tomtereserver i kommuneplanen (arealdel)
Bismo	20	10	80
Aurmo	30	9	20
Uppnose	7	9	
Dønfoss		9	

Som det går fram av tabellen ser det ut som om tomtebehovet er dekt for nokre år framover i tid. Dei fleste tomtene er i Bismo, noko som stemmer overeins med etterspørselsmønsteret. For dei som ynskjer å bu litt utanfor sentrum er det framleis byggjeklare tomter i Aurmo og Uppnose.

Utbyggingsbehov og lokalisering bør konkretiserast i det vidare planarbeidet

Fritidsbustader.

Område	Byggeklare regulerte tomter	Regulerte tomter, ikkje byggjeklare
Grotli	31	24
Billingen	27	43
Liavatn	9	0

Nye lokaliseringar blir drøfta i samfunnsdelen og avklara vidare i arealdelen

## 5.6 Kompetanse og utdanning

Skjåk kommune manglar ein gjeldane kompetanseplan som seier noko om kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt eller lengre sikt. Unntak her er Pleie- og omsorg , og til ei viss grad skulane og barnehagane, der det er gjort noko arbeid i å kartlegge og vurdere kompetanse og kompetansebehov. PO har gjort strategiske grep i forhold til dette. Skulane er med i ein regional kompetanseplan og har gjort vurderingar av behov for undervisningskompetanse. Prosjektleiari har kartlagt kompetansen i skulane som del av arbeidet med «Skulen i sentrum».

I grunnskulane deltek årleg med 3-4 lærarar på det statlege programmet for kompetanseutvikling i skulen, Kompetanse for kvalitet.

Rekruttering og kompetansetiltak blir lite målretta dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og kompetansebehovet i tenestene. Det bør settast i gang eit arbeid med kompetansevurdering og kompetanseplanlegging for å sikre målretta ressursbruk til dette

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig .

Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar:

1. Rekruttering av fagarbeidarar
2. Eit samfunnsansvar for å legge til rette for at ungdom i regionen har skuletilbod og kan få fagbrev
3. Stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre
4. Lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i læretida
5. For omdømmebygging for Skjåk kommune.

## 5.7 Barn og unge

Barnehagestruktur har vore eit tema i Skjåk kommune sidan 2009. I konklusjonen i rapportar frå tre ulike vurderingar er det tilrådd å gjere noko med barnehagestrukturen.

- Rapport frå Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO)
- Arbeidsgruppe nedsett som oppfølging av RO-rapporten
- Arbeidsgruppe i samband med kommuneplanen 2011

Konklusjonane er at Skjåk bør ha ein felles barneskule og ein stor barnehage, der bådø bør liggje i Bismo. Dette bør forankrast i kommuneplan.

Dette var grunnlaget for rådmannen sitt forslag i saka «Lære for livet» i kommunestyresak 88 i 2012. Grove berekningar viste at ved ulike alternativ, samanlikna med dagens drift og struktur kunne ein ved ein felles barnehage rekne med eit mindre forbruk på omlag 4 millionar i driftskostnader kvart år. Ved to barnehagar ville ein kunne rekne med ein

reduksjon på omlag 2,5 millionar i driftskostnader. Det var teke utgangspunkt i det barnetalet og samansetjinga i alder som var på det tidspunktet.

Det er i Økonomiplanen 2015-2019 vedteke at Holemork barnehage skal leggst ned. Det må derfor settast i gang arbeid med barnehageplan som avklarar ulike alternativ for utbygging/nybygging for framtidig barnehagekapasitet i Skjåk.

#### *Kvalitetsutvikling*

I løpet av 2015 er det varsla at vi får ny Rammeplan for barnehagen. Dette kan aktualisere behovet for planarbeid for utvikling av kompetanse, kvalitet og innhald i barnehagen.

### **5.8 Samferdsel**

Riksveg 15 er ein av hovedvegane mellom aust- og vestland. Opprusting og omlegging av vegnettet på Vestlandet vil medføre auka trafikk gjennom Skjåk. Dette gjev moglegheiter men også utfordringar.

Næringslivet må utnytte moglegheitene og kommunen må gjennom kommuneplan leggje til rette for at desse moglegheitene kan realiserast.

### **5.9 Klima - og miljøutfordringar**

FN sitt klimapanel reknar det som meir enn 90 % sannsynleg at klimaendringane dei siste 50 åra skuldast menneskeskapte utslepp av klimagassar. Det kan mellom anna føre til at våte område vert enno våtare, medan tørre strok vert enno tørrare. Det vil komma meir ekstremvær som fylgje av temperaturauken.

Plan- og bygningslova legg til grunn ei berekraftig utvikling til beste for den enkelte samfunnet og framtidige generasjonar. Lova skal bidra til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar.

Hovedutfordringar blir å førebu lokalsamfunnet på verknadane av eit klima i endring, tilpassa arealbruk og beredskapsarbeid etter oppdatert kunnskap om klimaendringane. Grunnlaget for arbeidet er å finna i Skjåk kommune sin energi og klimaplan frå 2010 og overordna ROS-analyse 2016.

Overgang til miljøvennlege energiløysingar må vurderast.

Oppfølging av regional plan for «Vannforvaltning i vannregion Glomma» vil utløyse behov for ein lokal plan for vassdragsforvaltning for at kommunen skal kunne følgje opp den regionale planen.

### **5.10 Beredskap.**

Kommunen har etter kvart vorte godt rusta med oppdatert beredskapsplanverk.

Det er utarbeidd ny heilheitleg risiko- og sårbarheitsanalyse og nytt overordna beredskapsplanverk.

Det manglar gode beredskapsplaner i skule og barnehager.

Det kan vera utfordringar knytta til sentralisering av lensmannskontor.

### **5.11 Flykningar.**

Auka tilstrøyming av flykningar til landet gjer at ein bør ha dette temaet som eit eige satsingsområde i kommuneplanen med konkrete føringar for mottak, busetting og integrering/inkludering.

### **5.12 Næring.**

Kommunen må ha ein oppdatert næringsplan og vedtektene for næringsfondet må til kvar tid vera tilpassa formålet som skal tenast.

Kommunen må ha ledig industriareal til disposisjon

## **6 Vurdering av planbehovet**

### **6.1 Forhold til nasjonale forventningar.**

#### Gode og effektive planprosesser.

Regjeringen peikar på moglegheita kommunen har til å tilpasse planlegginga etter behov. Det skal ikkje vera fleire plannivå enn nødvendig og statlege myndigheiter skal ikkje kreve meir omfattande planlegging enn nødvendig.

Skjåk har vore bevisst på dette i alle år. Det ar vore laga ein arealdel til kommuneplan for heile kommunen og ikkje mange delplaner. Reguleringsplaner har vore laga berre der det har vore heilt nødvendig og der er derfor få reguleringsplaner i forhold til andre kommuner.

Det er etablert planregister som er tilgjengeleg på kommunen si nettside.

Alle planer av nyare dato er på digital form.

#### Berekraftig areal- og samfunnsutvikling.

Nesten 80% av kommunen er verna og forholdet til natur, kulturmiljø og landskap blir godt ivareteke av forvaltninga for verneområda.

Kommunen har tidlegare kartlagt det biologiske mangfaldet i kommunen.

I samband med kommuneplan vart det i 2011 laga temakart for kulturminner i utmarka.

Kommunen har ført ein restriktiv politikk når det gjeld jordvern, og ein ser ikkje for seg større omdisponeringar utanom det som ligg inne i kommuneplan.

Ein viktig plan for framtidig utvikling i kommunen vil vera regional plan for Ottadalsområdet (villrein) og

Handlingsplan for klima og energi er planlagt ajourført i perioden.

I samarbeid med NVE skal det lagast bedre raskart som tek omsyn til klimaendringane.

I gjeldande kommuneplan er det lagt opp til styrking av Bismo som sentrum i kommunen.

Regelverket for konsesjonskraft gjer at det ikkje er lønsamt for kommunen å bygge ut biovarmeanlegg, i staden viser utrekningar at ein bør satse på å utnytte varme frå grunnen.

Kommunen bidreg med å bygge ut ladestasjonar for el-bilar i sentrum.

#### Tettstadutvikling.

Kommunen har sikra seg store areal for bustadtomter i Bismo. Reguleringsplan for Skei har tomtereserver godt utover planperioden. Når Skei er utbygd er det i kommuneplan sett av områder for om lag 60 bustadtomter lenger aust (Hulderhaugen)

Sentrumsplan var ferdig i 2011, men det står att ein del tiltak.

### Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområder.

Kommunen har satsa på Bismo både som bustad og næringsområde.

I planverket ligg det inne reserver både for bustad, forretning og industriområde.

Det er utarbeidd plan for fjernvarmenett.

Det er også utarbeidd planer for gode gang- og sykkelvegnett i og rundt tettstaden.

## **6.2 Kommuneplan, samfunnsdel og arealdel**

Formannskapet har vedteke at planen skal reviderast- Planprogram er godkjent av kommunestyret og planen skal vera ferdig til godkjenning i april 2017

## **6.3 Kommunedelplaner/sektorplaner**

Rullering av eksisterande er vist i handlingsdel.

Ein ser for seg at ein treng ein eigen kommunedelplan for oppfølging av regional plan for vassdragsforvaltning.

Her vil ein ta for seg tilstanden i vassdraga, mål for vassdragsforvaltning og ein handlingsplan for å nå måla.

## **6.4 Reguleringsplaner.**

Kommunen ser ikkje for seg nye reguleringsplaner for bustadområder i planperioden, men når området som blir omfatta av reguleringsplan for Skei for det meste er utbygd må det utarbeidast reguleringsplan for området som er avsett til utbygging i kommuneplanen nord for Hulderhaugen i Bismo.

Når industriområdet i Bismo tek til å bli oppfylt bør det utarbeidast reguleringsplan for nye næringsområde som blir avsett i ny kommuneplan. Reguleringsplaner for hyttebygging vil vera private planer.

Reguleringsplaner for gang- og sykkelveger langs rv. 15 og fylkesvegane skjer i regi av statens vegvesen/fylkeskommunen. Her må kommunen vera ein pådrivar for å få gjennomført desse planane.

## 7 Handlingsplan

Tema	2016	2017	2018	2019
<b>Overordnede planer</b>				
Kommuneplan , Samfunnsdel		Rull		
Kommuneplan, arealdel		Rull		
Økonomiplan	Rull	Rull	Rull	Rull
<b>Beredskap</b>				
Overordna beredskapsplan	Vedtak feb 2016			
Plan for informasjon og krisekommunikasjon	Vedtak feb 2016			
Plan for evakuering og pårørandesenter	Vedtak feb 2016			
Plan for helsemessig og sosial beredskap	Vedtak feb 2016			
Plan for psykososiale tiltak ved kriser, katastrofer og ulykker	Vedtak feb 2016			
Heilheitleg Risiko- og sårbarheitsanalyse	Vedtak jan 16			
Beredskapsplan vassforsyning 2007				
Beredskapsplan skuler og barnehager	Ny plan			
<b>Klima og energi</b>				
Handlingsplan for klima og energi 2011-2015		Rull Vurdere samarbeid Med andre kom.		
<b>Jordvern/naturforvaltning/landbruk</b>				
Kommunedelplan for vassdragsforvaltning			Ny plan	
Utmarksplan 1999	-	-	-	-
Beitebruksplan 2006		Rull		
<b>By- og tettstedsutvikling</b>				
Sentrumsplan Bismo 2011		Rull		
<b>Trafikk og transport</b>				
Trafikksikringsplan 2015- 2017	Vedtak jan 2016	Rull	Rull	Rull
<b>Teknisk drift</b>				
Vedlikehaldsplan VA	Rull	Rull	Rull	Rull
Vedlikehaldsplan kommunale veger	Rull	Rull	Rull	Rull
Vedlikehaldsplan kommunale bygg og anlegg	Rull	Rull	Rull	Rull
<b>Næring</b>				
Næringsplan 2011		Rull		
<b>Kultur</b>				
Kulturminnevernplan 2010-		Rull		



14				
Kommunedelplan for fysisk aktivitet og naturopplevingar 2014-17	Anleggsdel blir rullert kvart år	Rull heile planen	Anleggsdel blir rullert kvart år	Anleggsdel blir rullert kvart år
Grendehusplan		Rull		
<b>Oppvekst (bhg./skole)</b>				
Plan for barnehage- og skulestruktur i Skjåk	2016			
Plan for den kulturelle skulesekken	Administrativ			
Kompetanseutviklingsplan for barnehagane		Rull		
Handlingsplan skule - 2020	Vedtak KO-utval jan 2016			
Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen	Rull Administrativ	Rull Administrativ	Rull Administrativ	Rull Administrativ
<b>Helse/sosial</b>				
Pandemiplan 2009		Rull		
Smittevernplan 2015				
Rusplan		Rull		
Folkehelseplan 2012 -2020	Rull			
Helse- og omsorgsplan 2012			Rull	
Rehabiliteringsplan 2007		Rull		
Boligsosial handlingsplan 2015-2020				Rull
<b>Serviceforhold</b>				
Plan for omdømmebygging, herunder informasjonsplan		Ny plan		

### **Felles planer for N-Gudbrandsdal (Regionkontoret) .**

Revisjon av desse planane må takast opp gjennom interkommunalt samarbeid, Skjåk kommune skal vera ein aktiv pådrivar for at dette blir gjort.

- Regionplan for helsesamarbeid i N-Gudbrandsdal
- Strategisk næringsplan for N-Gudbrandsdal
- Regional strategiplan for kompetanseutvikling i grunnskulen
- Regional plan for klima og energi
- Strategiplan for reiselivet i N-Gudbrandsdal
- Interkommunal flykingeplan
- Regional plan mot radikaliseringsplan
- Ruspolitisk handlingsplan
- Bibliotekplan for N-Gudbrandsdal

### **Planer i regi av statens vegvesen.**

- Kommunedelplan for rv 15 Breiddalen – Hjelldalen
- Reguleringsplaner for gang- og sykkelveg langs rv. 15 Lom grense – Dønfoss (fleire planer)

### **Planer for verneområda i regi av nasjonalparkstyra.**

- Forvaltningsplan for Reinheimen
- Forvaltningsplan for Breheimen (ikkje endeleg vedteken)